



LINDÅS KOMMUNE

Storstova Leiknes

Leigeavtale for privat arrangement i Storstova Leiknes

Utleigar: Lindås kommune v/ Atle Vaage. Leigetakar: Inger Helen Midtgård

Leigeforholdet gjeldt: Konsert og markering av 50 årsdag 22/4 2017

Vilkår for leige:

Hallen kan berre nyttast til formålet nemnt ovanfor. Maksimalt tal personar i hallen er opplyst å vera 150 gjestar, samt opp mot 50 aktørar og medhjelparar.

Leigetakar er gjort kjent med hallen sine naudutgangar. Leigetakar er gjort kjent med at ho som leigetakar er ansvarleg for at branntryggleik er ivaretatt under arrangementet.

Arrangementet skal vera rusfritt. Leigetakar er kjent med at det er hennar ansvar å syta for at dette vert overhalde i lokalet og i nærområdet rundt lokalet. Eventuelt rusa personar skal avvisast og visast bort frå området.

Leigetakar pliktar å sjå til at arrangementet ikkje er til ulempe for offentlegheita og dei som bur i nærleiken av hallen.

Leigetakar pliktar å erstatta all skade på bygning og inventar som oppstår som følge av leigetakar sitt arrangement.

Lokalet og uteområdet skal vera rydda innan søndag 15.00. Stolar og bord skal stablast og stillast inntil vegg. Toalett skal vaskast etter bruk. Golva skal kostast reine, men ikkje vaskast. Boss skal fjernast. For bruk av skulekjøkken gjeldt reglar for rydding som avtalt med leiinga ved Leiknes skule.

Timepris for leige av hall er 200. Dette gjeldt for tida 13.00 laurdag 22/4 til 01.00 søndag 23/4, til saman kr 2400. Beløpet vert fakturert i ettertid.

Knarvik 20.04.2017

Leigetakar

Inger Helen Midtgård

Utleigar

Lindås kommune v/Atle Vaage